

# Stryn kommune



## KONKURRANSEGRUNNLAG

### Open anbodskonkurranse

etter forskrifta sin del I og del III  
(innkjøp over EØS-terskelverdiane)

for inngåing av avtale om:

### Innsamling og transport av slam

06.02.2023



## 1 GENERELT

### 1.1 Oppsummering av tenesta

<b>Oppdragsjevarar:</b>	
Organisasjon:	Stryn kommune
Organisasjonsnummer:	963 989 202
Postadresse:	Tonningsgata 4, 6783 Stryn
Kontaktperson:	Sigurd Muldsvor
E-post:	postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside:	www.stryn.kommune.no
<b>Konsulent:</b>	
Organisasjon:	Damhaug Consulting AS
Kontaktperson:	Reidar Seim
Tlf:	+47 414 78 037
E-post:	r.seim@d-consult.no
<b>Oppdraget og konkurransereglar:</b>	
Type innkjøp:	Tenestekontrakt
Tilbudsprosedyre:	Open anbodskonkurranse
Regelverk:	Forskrift om offentlege innkjøp (FOA), del I og III, i tillegg til dette konkurransegrunnlaget
Omtale:	Innsamling, avvatning og transport av slam, ca. 2 800 tankar. Frivillig opsjon på komplett slambehandling.
Kontraktslengde:	6 år med einssidig opsjon på 1 + 1 år, dvs. at leverandøren må innordne seg ønskje frå oppdragsjevar om forlenging.
Kontraktsvilkår:	NS 9430:2022 tilpassa for slamrenovasjon, jf. bilag 2.
<b>Fristar og framdriftsplan</b>	
Dato for utlegging:	06.02.2023
Tilbudskonferanse:	Vert ikkje gjennomført
Siste frist for skriftlege spørsmål:	05.03.2023
Tilbudsfrist-/opning:	13.03.2023, kl. 12.00, jf. punkt 2.2 og punkt 5.2.
Dato for brev om tildeling av kontrakt:	17.03.2023 (førebels tidspunkt)
Signering av kontrakt:	28.03.2023 (førebels tidspunkt)
Vedkjenningsfrist tilbod:	kl. 24:00, 3 månader etter tilbudsfristen.
Oppstart kontrakt:	01.01.2024
Avslutning av kontrakt (utan opsjonsår):	31.12.2029.

## 1.2 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransesgrunnlaget er dette dokumentet i tillegg til følgjande bilag:

1. Kravspesifikasjon
2. Generelle kontraktsvilkår
3. Tilbodsskjema for utfylling og grunnlagsdata.

## 1.3 Utlysing

Konkurransen er kunngjort i TED-databasen og DOFFIN-databasen via Merccell.

## 1.4 Tilbodskonferanse

Vert ikkje gjennomført.

## 1.5 Tilleggsopplysningar

Dersom tilbydar meiner at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilfredsstillande rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar. Tilsvarande gjeld dersom det vert oppdaga feil i tilbodsgrunnlaget. Ved begge tilfella er siste frist for å stille skriftlege spørsmål gjeve i punkt 1.1.

Dersom tilbydar let vere å varsle om feil eller motstrid som tilbydaren har sett eller klart burde ha sett, kan ikkje tilbydaren seinare nytte dette som grunnlag for å klage på gjennomføringa av denne konkurransen.

All kommunikasjon i prosessen skal skje via Merccell-portalen. Dvs. at verken oppdragsgjevar eller konsulent skal kontaktast for spørsmål. Dette for at all kommunikasjon kan loggførast.

Når leverandøren er inne på konkurransen, skal fanebladet «Kommunikasjon» veljast. Klikk deretter på ikonet "Ny melding" i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgjevar og trykk deretter på «Send».

Dersom spørsmålet vedkjem alle leverandørar, vil oppdragsgjevar svare anonymisert ved å gje svaret som tilleggsinformasjon, eller som ein revisjon av konkurransen. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet «Kommunikasjon».

## 1.6 Rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget

Før tilbodsfrist har oppdragsgjevar rett til å gjere rettingar, suppleringar og endringar av tilbodsgrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Opplysningar om rettingar, suppleringar og endringar vert kunngjort elektronisk via Merccell portalen. Ved ein revisjon av konkurransen, vil dette visast som ein ny versjon av konkurransen. Når det gjeld tilleggsopplysningar vil dette koma fram i fanebladet «Tilleggsinformasjon» i Merccell portalen. Leverandørar som allereie har meldt si interesse vil også få ei melding på e-post, om at det er gjeve tilleggsinformasjon på konkurransen, eller det er gjort ein revisjon av konkurransen.

## **2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBODET**

### **2.1 Innkjøpsprosedyre**

Innkjøpet vert gjennomført i samsvar med lov av 17. juni 2016 nr. 73 om offentlege innkjøp (LOA) og forskrift av 12. august 2016 nr. 974 om offentlege innkjøp (FOA). Det vert gjennomført ein open anbodskonkurranse etter del I og del III i forskrifta (innkjøp over EØS-terskelverdi).

I ein open anbodskonkurranse kan alle interesserte tilbydarar levere tilbod, og det er inga prekvalifisering.

I denne konkurransen er det ikkje høve til forhandlingar. Det er såleis ikkje høve til å endre tilboda eller prøve å endre tilboda gjennom forhandlingar, t.d. om endring av pris, leveringstid eller andre føresetnader som verkar inn på konkurransen eller rangeringa av tilboda. Leverandøren må såleis gje sitt beste tilbod innan tilbodsfristen. Dersom tilbodet eller dokumentasjonen inneheld feil, manglar eller uklare element har oppdragsgjevar rett til å be leverandøren ettersende, supplere, avklare eller fylle ut mottatte opplysningar og dokumentasjon så langt det ikkje medfører at tilbodet vert forbetra.

### **2.2 Innlevering og utforming av tilbod**

Tilbodet skal leverast elektronisk via Mercell portalen, [www.mercell.no](http://www.mercell.no) innan tilbodsfristen gjeve i punkt 1.1. For seint leverte tilbod vert avvist (ein får heller ikkje lov frå systemet å sende inn tilbod elektronisk via Mercell etter utløpet av tilbodsfristen).

Er leverandøren ikkje brukar hjå Mercell, eller dersom ein har spørsmål i samband med funksjonaliteten i verktøyet, til dømes tilbod skal leverast, ta kontakt med Mercell Support på tlf: 21 01 88 60 eller på e-post til: [support@mercell.com](mailto:support@mercell.com).

Det vert tilrådd at tilbodet vert levert i god tid før utløpet av fristen.

Kjem det tilleggsinformasjon frå oppdragsgjevar som gjev grunn for å endre på tilbodet før tilbodsfrist, kan leverandøren gå inn og opne tilbodet, gjere eventuelle endringar og levere på nytt heilt fram til utløpet av tilbodsfristen. Det sist leverte tilbodet vert rekna som det endelege tilbodet.

Ved innlevering kan leverandøren bli bedt om ein elektronisk signatur for å stadfeste at det er aktuelt firma som har sendt inn tilbodet. Elektronisk signatur kan skaffast på [www.commfides.com](http://www.commfides.com), [www.buypass.no](http://www.buypass.no) eller [www.bankid.no](http://www.bankid.no). Det kan ta nokre dagar å få levert elektronisk signatur slik at denne prosessen bør starte så snart som mogeleg.

Tilbodet skal vere på norsk, men dokumentasjon, attestar mv. kan vere på skandinavisk eller engelsk språk.

ESPD-skjema for avvissingskrav og kvalifikasjonskrav skal leverast som ein del av tilbodet i Mercellportalen, jf. punkt 3.1.

Tilbodet skal innehalde dokumentasjonen gjeve nedanfor, og som skal leggjast ved under fanebladet «Dokumenter» i Mercell-portalen:

<b>Dokumentasjon</b>
<b>Signert tilbudsskjema (bilag 3.1, i signert pdf-format og excel-format)</b> - evt. i tillegg eige separat tilbudsbrief frå tilbydar.
<b>Eventuell forpliktingsfråsegn(er) frå underleverandør(ar)</b> Dersom tilbydar må støtte seg på slike for oppfylling av kvalifikasjonskrav, jf. pkt. 2.6.
<b>Utfyllande opplysningar om gjennomføringa</b> Utfyllande opplysningar om gjennomføringa av oppdraget, kap. 3 i tilbudsskjema (bilag 3.1)
<b>Atterhald og avvik</b> Sjå krav til dokumentasjon i punkt 2.3
<b>Sladda versjon av tilbudet</b> Komplett sladda versjon i pdf-format eller tilsvarande av tilbudet, der leverandøren har sladda det som vert rekna som forretningsløyndommar, sjå punkt 2.7.

Tilbydar er ansvarleg for å svare på alle spørsmål, krav og avklaringspunkt i konkurransegrunnlaget på ein utfyllande måte.

Oppdragsgjevar dekkjer ikkje tilbydar sine kostnader eller utgifter av noko slag knytt til deltaking i denne konkurransen.

### **2.3 Atterhald og avvik**

Det vert presisert at tilbydar sjølv har risikoen for at tilbudet er klart utforma, og at uklare tilhøve, atterhald og avvik kan gjere at eit tilbod vert avvist.

Før tilbydar eventuelt gjev tilbod med atterhald eller avvik, bør dei rettslege konsekvensar av dette difor vurderast.

Dersom tilbydar har atterhald eller det i tilbudet er avvik frå delar av konkurransegrunnlaget, skal dette klart gå fram av tilbudet. Atterhald og avvik skal vere presise og eintydige, slik at oppdragsgjevar kan vurdere desse og konsekvensane av dei utan kontakt med tilbydar. Atterhald og avvik skal spesifiserast i høve til kva konsekvensar dette har for ytinga, pris eller andre tilhøve.

Tilbod med vesentlege atterhald eller avvik skal avvist. Tilbydar må forvente at atterhald/avvik som ikkje kan prisast av oppdragsgjevar, vert rekna som vesentlege.

Eventuelle tilvisingar til standardiserte leveringsvilkår eller liknande vert rekna som atterhald dersom dei har avvik i høve til konkurranse- eller kontraktsvilkåra.

### **2.4 Alternative tilbod og parallelle tilbod**

Tilbod skal leverast i samsvar med konkurransegrunnlaget. Alternative tilbod vert ikkje akseptert, men parallelle tilbod vert akseptert.

### **2.5 Deltilbod**

Tilbudet skal dekke heile omfanget av tenesta. Det er ikkje høve til å gje tilbod på delar av kontrakten.

### **2.6 Eventuell bruk av underleverandør**

Tilbydar skal opplyse om han har tenkt å nytte underleverandørar til å oppfylle kontrakten.

Dersom det skal nyttast underleverandørar skal det opplysast om dette i ESPD-skjemaet. Det skal i skjemaet opplysast om namn og organisasjonsnummer til underleverandør(ar) og kva delar av leveransen som kvar enkelt underleverandør skal utføre.

Dersom tilbydar må støtte seg på underleverandør for å tilfredsstille kvalifikasjonskrava i punkt 3.2, skal det opplysast om dette i ESPD-skjemaet. I så fall skal det som ein del av tilbodet i tillegg vere ei stadfesting frå underleverandøren der han forpliktar seg til å stille med tilstrekkeleg kapasitet ved ein eventuell kontrakt, jf. FOA § 16-10 (2), og den aktuelle underleverandøren må også fylle ut eit eige og separat ESPD-skjema, jf. FOA § 17-1 (6).

## **2.7 Vilkår for korleis innkjøpsprosessen og tilboda kan reknast som offentlege**

Innleverte tilbod og tilbodsprotokoll vert rekna som ikkje offentlege, jf. offentleglova av 19.5.2006 nr.16 § 23, inntil val av leverandør er bestemt.

Tilbydarane vert bedt om å opplyse kva delar av tilbodet som kan reknast som forretningsløyndommar, sjå punkt 2.2 om innlevering av tilbod og utforming av tilbodet. Ved eventuelle krav om innsyn skal oppdragsgjevar uavhengig av dette vurdere om opplysningane er slik at oppdragsgjevar ikkje pliktar å offentleggjere dei.

Oppdragsgjevar vil så langt det er råd innanfor gjeldande lovverk ta omsyn til tilbydaren, men tek ikkje på seg noko erstatningsansvar knytt til offentleggjering av tilbodsdokumentasjon.

## **2.8 Teieplikt**

Oppdragsgjevar og tilsette hjå oppdragsgjevar pliktar å hindre at andre får tilgang til eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve som ut frå konkurranseomsyn må haldast hemmeleg, jf. FOA § 7-4 sett opp mot lov av 10. februar 1967 om handsaming av forvaltningssaker (forvaltingslova), § 13.

## **2.9 Krav til løns- og arbeidsvilkår**

I forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar (FOR-2008-02-08-112) vert det stilt krav om at tilsette i verksemder som utfører tenester eller bygg- og anleggsarbeid for offentlege oppdragsgjevarar, ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av gjeldande ålmenngjeringsforskrifter eller landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen.

Det vert såleis føresett at tilbydar gjer seg kjent med vilkåra i kontrakten, jf. bilag 2, der det er krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

# **3 KVALIFIKASJONSKRAV**

## **3.1 Generelt om kvalifikasjonskrava**

For denne konkurransen gjeld alle avvisingsgrunnane i § 24-2 i forskrifta, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnene. Stadfesting at det ikkje er grunnar for avvising, i tillegg til oppfylling av kvalifikasjonskrava i pkt 3.2, er ein føresetnad for vidare deltaking i konkurransen

Tilbydar skal levere utfylt ESPD-eigenerklæringsskjema, som er integrert i Merccell, som førebels dokumentasjon for at tilbydar oppfyller kvalifikasjonskrava og at det elles ikkje er grunnlag for avvising. Det skal såleis ikkje leggjast ved dokumentasjon på kvalifikasjonsvilkåra med tilbodet utover det som er oppgjeve i punkt 2.2.

Leverandøren som vert valt må før signering av kontrakt leggje fram dokumentasjon på at kvalifikasjonsvilkåra er oppfylt.

### 3.2 Kvalifikasjonskrava for denne konkurransen

Følgjande kvalifikasjonskrav gjeld for deltaking i denne konkurransen:

#### 3.2.1 Leverandøren sin organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak.	<ul style="list-style-type: none"><li>Firmaattest</li></ul> <p>Utanlandske leverandørar skal leggje fram tilsvarende attest frå føretaksregister i landet der selskapet er etablert.</p>

#### 3.2.2 Økonomisk og finansielle stilling til leverandør

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha økonomisk og finansiell kapasitet som sikrar gjennomføringa av kontrakten.	<ul style="list-style-type: none"><li>Kredittverdig (kredittrating A el. tilsv.) frå offentlig godkjend kredittvurderingsselskap, og med minimum kredittlimit på MNOK 0,50. Ratinga skal ikkje vere eldre enn 3 månader rekna frå tilbodsfrist, og m.a. basere seg på siste godkjende årsrekneskap.</li></ul> <p>Dersom leverandøren ikkje oppfyller kravet over, kan kravet oppfyllest med annan dokumentasjon som oppdragsgjevar kan akseptere, t.d. bindande fråsegn om garantiar utover garantien i samsvar med kontrakt.</p>

#### 3.2.3 Grunnleggjande kompetanse, faglege kvalifikasjonar og kvalitetssystem

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha relevant kompetanse og erfaring frå tilsvarende oppdrag:	<ul style="list-style-type: none"><li>Opplisting av relevante referansar siste 3 år. Referansane må omfatte opplysingar om oppdragsgjevar, verdi, tidspunkt, namn og kontaktdata på kontaktperson.</li></ul>

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandør skal ha eit tilfredsstillande styringssystem innan kvalitet som dekkjer dei aktivitetane som avtalen omfattar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dokumentasjon på gyldig sertifisering, ISO eller tilsvarende.</li> <li>Dersom leverandøren ikkje er sertifisert, skal det dokumenterast at han har eit tilfredsstillande system for kvalitetsstyring.</li> </ul>
Leverandør skal ha eit tilfredsstillande styringssystem innan miljø som dekkjer dei aktivitetane som avtalen omfattar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dokumentasjon på gyldig sertifisering, ISO, Miljøfyrtårn, eller tilsvarende.</li> <li>Dersom leverandøren ikkje er sertifisert, skal det dokumenterast at han har eit tilfredsstillande system for miljøstyring.</li> </ul>

#### 4 KRAV TIL YTINGA OG VILKÅR FOR TILDELING AV KONTRAKT

##### 4.1 Kravspesifikasjon

Krav til ytinga er spesifisert i Bilag 1.

##### 4.2 Tildelingskriteriene

Oppdragsgjevar vil etter ei heilskapsvurdering velje tilbodet som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet for heile kontraktsområdet sett samla. Følgjande kriterium vert lagt til grunn:

Kriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
<b>Pris:</b>		
<b>Pris</b> , rekna på grunnlag av følgjande: - Vekta tilbodssum, jf. prisskjema 2.6 i bilag 3.1.	65 %	Pris skal dokumenterast ved: <ul style="list-style-type: none"> <li>Utfyllt bilag 3.1 – Tilbodsskjema.</li> </ul>
<b>Tenesta sin kvalitet:</b>		
<b>Oppdragsforståing og kvalitet</b> , vurdert ut frå følgjande : - Kvaliteten på organisering, logistikk og transportløyning med særleg vekt på organisering, ressursinnsats, korleis utstyrsparken er tilpassa innsamlingsområdet og opplegg for tømmeplanar (15%). - Dataløyningar og registreringsrutinar i tillegg serviceopplegg mot abonnentar og oppdragsgjevar (10 %) - Reserveløyningar (10 %).	35 %	- Utfyllande opplysningar om gjennomføring av tenesta, jf. kap. 3 i tilbodsskjema.

### **4.3 Evaluering**

Ved evaluering av tilboda i høve til dei ulike kriteria, vert det for kvart kriterium nytta ein poengskala frå 0 til 10, der 10 er best. Total poengsum vert deretter rekna ut på grunnlag av vektene for kvart av kriteria (pris og kvalitet).

Evaluering av pris skjer på grunnlag av ein lineær skala, der tilbydaren med lågast pris får 10 poeng, og ein prisskilnad på 100 % gjev 0 poeng.

For oppdragsforståing og kvalitet får beste tilbydar 10 poeng innan kvar av dei tre delkriteria, og karakterane til dei andre tilbydarane blir vurdert relativt på grunnlag beste skjøn.

Det vert elles teke omsyn til eventuelle atterhald og avvik under det enkelte kriterium.

## **5 HANDSAMING AV TILBODA HJÅ OPPDRAGSGJEVAR**

### **5.1 Registrering av tilbod**

Tilboda får i Merzell automatisk registrert tidspunkt for mottaking etter kvart som dei kjem inn, jf. punkt 2.2.

### **5.2 Tilbodsopning**

Tilbodsopninga vert ikkje offentleg.

### **5.3 Avvising**

Oppdragsgjevar pliktar eller har rett til å avvise leverandørar eller tilbod dersom det vert påvist tilhøve som nemnt i FOA kap.24.

## **6 AVSLUTTING AV KONKURRANSEN**

### **6.1 Avlysing av konkurransen og forkasting av tilbod**

Oppdragsgjevar kan ved sakleg grunn kostnadsfritt avlyse konkurransen eller forkaste alle tilbod kostnadsfritt.

### **6.2 Informasjon og grunngjeving for kontraktstildeling**

Oppdragsgjevar vil evaluere tilboda i samsvar med krava i konkurransegrunnlaget og tildelingskriteria. Når oppdragsgjevar har bestemt kven som får kontrakten, vert dette samstundes varsla skriftleg til alle tilbydarar i rimeleg tid før kontrakten vert inngått, jf. FOA §25-1. Med «kontrakt inngått» vert meint tidspunktet då begge parter har signert kontrakten. Før tildeling av kontrakten vil oppdragsgjevar krevje at den valt leverandør straks leverer oppdaterte dokumentasjonsprov på kvalifikasjonsvilkåra i punkt 3.1.

Det er ein karenperiode på minimum 10 kalenderdagar rekna frå dagen etter at grunngjevinga vert sendt elektronisk. Etter utløpet av karenperioden vil oppdragsgjevar inngå kontrakt, og eventuelle klager på tildelinga må rettast til oppdragsgjevar innan fristen.